

Bakeri med miljø

Side 10 og 11



Viktige damer for Fresh

Side 8 og 9

Vil verne Vigdøla

■ ■ Ny mobilisering ■ ■ Store konsekvensar



MOBILISERER: Karin Bakke og Bjørn Andre Skjæret mobiliserer for Vigdøla. I bakgrunnen ser me Vigdøla like under Håvardfossen.

Jostedølene mobiliserer no mot utbygging av Vigdøla etter at Statkraft før helga skrinla planane om overføring av vestsidaeelvane i Jostedalen. Statkraft opprettheld

konsesjonssøknaden for Vigdøla, noko jostedølene ikkje vil godta utan sverdslag. – Eg tykkjer viggdølene har gjeve nok til kraftutbygging, seier Karin Bakke, leiar i grandalaget i


Vigdalen. Bjørn Andre Skjæret, leiar for aksjongruppa mot utbygging, lovar no full mobilisering til kamp for Vigdøla.

Side 4

Tap på heimebane

FOSSHAUGANE: Ulrik flo stogga ei heading på streken med handa. Dermed straffe til Odd og raudt kort til Flo. Torgeir Børven skåra sikkert på straffen som gav gjestene revansje etter 0-4 tap på heimebane i vår.

Side 12 og 13



Mista bremsane

LUSTER: Sjøføren måtte styra ein russisk turistbuss i grøfta etter at bremsane svikta på veg ned frå Turtagrø mot Fortun. Ingen av dei 20 i bussen kom til skade.

Side 7

Støtte til seawalk

SKJOLDEN: Dei aller fleste i Skjolden er positive til at det vart bygd ein seawalk ved cruisekaien.

Side 6



Geitebonde i full fart

GUDVANGEN: Geitebonde Anna Elise Borlaug imponerte i sitt aller første motbakkeløp. Ho hamna på tredjeplass i Rimstigen opp laurdag.

Side 16 og 17

Slåssing i Sogndal

SOGN DAL: Politiet fekk natt til søndag melding om slåssing utanfor ein utestad i Sogndal sentrum. Fleire personar i 20-åra var involverte, og ein vart køyrd til lege for kontroll. Saka vil bli vidare etterforsa av lensmannen i Sogndal.

Rusa på motorsykkel

LUSTER: Ein mann på motorsykkel velta i veggana i ved Leirimo i Luster. Hendinga skjedde natt til søndag, og føraren var i slutten av 30-åra. Det var teke blodprøve av mannen, som vart sendt til Sentralsjukehuset i Førde for kontroll. Saka vil bli vidare etterforsa av lensmannen i Luster.

Trafikk kontroll i Årdal

ÅRDAL: Politiet hadde laurdags kveld trafikk kontroll på Årdals-tangen. 46 bilførarar vart kontrollerte, og det var ingen merknader.

Uro i Sogndal sentrum

SOGN DAL: Natt til søndag fekk politiet i Sogndal melding om ein rusa person i Sogndal sentrum, som hadde gjort skadeverk. Fleire gjenstandar til fornærma vart knuste, og forholdet vil bli meldt til lokalt politi denne veka.

Til kamp for Vigdøla

■ ■ Synfaring i august ■ ■ Vil mobilisera



MOBILISERER: Bjørn Andre Skjæret mobiliserer mot utbygging av Vigdøla etter at planane for utbygging av vestsideelvane no er skrinlagde. I bakgrunnen ser me Kvernelvi og Hompedøla.

JOSTEDAL: Planane for utbygging av vestsideelvane i Jostedal vart som kjent skrinlagd av Statkraft før helga. No vonar aksjonsnemnda at planane for Vigdøla også blir skrinlagde.

– Eg har ikkje problem med å forstå at Statkraftvil byggja ut eit så rimeleg alternativ som det er snakk om her. Men vigdølene føler no at dei har gjeve nok til kraftutbygging, seier Karin Bakke, leiar for grendalaget i Vigdalen.

Ho minner også om konsesjonsvilkåra då Vigdøla vart utbygd på 80-talet.

– Der står det heilt klart at restvassføringa skulle fredast

for vidare utbygging. Men det er akkurat dette Statkraft vil byggja ut no. Då vil me ikkje sjå att mykje av Vigdøla.

Gledeleg

Bjørn Andre Skjæret, leiar i aksjonsgruppa mot utbygging i Jostedal, seier Statkraft sitt vedtak om å skrinlegga planane for vestsideelvane, var svært gode nyhende for dei.

– No var ikkje dette uventa. Statkraft har heile tida sagt at det er dårleg økonomi i prosjektet, likevel var det ei gledeleg overrasking at planane no er lagde vekk.

– Trur du det er eit resultat av aksjonsgruppa sitt arbeid?

– Me fekk gjort motstanden synleg ganske bra, særleg inn mot kommunestyremøtet i haust. Men kor stor innverknad det har hatt på kva Stat-

kraft har bestemt, blir berre spekulasjonar.

Skjæret legg til at no blir det ny mobilisering mot utbygging av Vigdøla.

– Me har hatt ferie, men no er me i gang att.

Er imot

Bakke seier heile Vigdalen er imot denne utbygginga.

– Dette kjem klart fram i høyringsuttalen frå grendalaget, seier Bakke, som trur at det er verd å ta opp kampen mot Statkraft også når det gjeld denne utbygginga.

– Me gjev oss ikkje før me eventuelt har det svart på kvitt at det blir utbygging.

Bakke er frå garden Syneshaug øvst i Vigdalen og fekk føling med utbygginga som var på 80-talet.

– Me bur i randsona til

breheimen nasjonalpark og er pålagt ei rekkje restriksjonar i høve til bruken av området. Så kjem Statkraft og kan ta seg til rette på denne måten. Det blir heilt feil.

Turisme

Bakke legg til at det ikkje berre er dei visuelle konsekvensane som får vigdølene til å gå imot desse utbyggingsplanane.

– Elva er viktig i høve til planar om meir turisme i dalen. Det er småaure i elva som vil forsvinna ved ei utbygging, og dette fisket kan nyttast i turistsamheng. Me er i ferd med å utbeta deler av vegen opp der det blir sett ut bord og benkar slik at folk kan stogga og fiska eller berre nyta naturen. Fossekallen vil også forsvinna frå Vigdalen ved ei ytterlegare utbygging.

Bakke og Svein Jarle Vigdal skriv i høyringsuttalen at elva også blir viktig i tilknytning til langsiktige planar i retning av overnatting, matserving, familieferie, dyr og guiding.

– Vidareformidling til alt etablerte turisttilbod i Jostedal kan utgjera ein del av tilbodet. Kvinnearbeidsplassar vil vera eit viktig fokus å ha med seg i framtidsplanane for bygda. Me vonar at ny utbygging av elva ikkje skal stogga dette og at det framleis skal vera mogleg å utvikla og gje rom for nyskaping i bygda, heiter det.